

# NMSK – strategi 2017 – 2020

## Bakgrunn og føremål

Strategien er utforma på grunnlag av Forskrift om tilskot til nærings – og miljøtiltak i skogbruket. Hovudmålet i skogbruksplanen for Sogndal kommune (vedteken i Kultur og Næringsutvalet 20.06.01 sak 0018/01) er å stimulera til rasjonelle tiltak og auke aktiviteten innan skogbruksnæringa, sikre ressursgrunnlaget og betra forvaltning av skogareala, i samsvar med statlege og kommunale føresegner og planar.

Føremålet med tilskot til nærings – og miljøtiltak er at det ut frå lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen vert tekne vare på og vidareutvikla. For å stimulera til utvikling av kvalitetsskog kan det gjevast tilskot til ungsogspleie og andre kvalitetsfremjande tiltak. Dette omfattar og tilskot til skjøtsel av skog i kantsoner og i samanheng med kulturminne.

## Kven kan søkje ?

Tilskot kan løyvast til skogeigarar med meir enn 10 da produktiv skog. Grensa på 10 da kan fråvikast når det er samarbeidstiltak.

## Kva kan det søkjast til ?

Det kan gjevast tilskot til bygging av nye eller ombygging av eksisterande skogsvegar når dette bidreg til heilskapsløysingar som gjev grunnlag for utnytting av skog – og utmarksressursane.

Det er ynskjeleg å halde aktiviteten i skogen minst på dagens nivå. Kommunen ynskjer og å leggje til rette for friluftsliv og naturopplevingar i utmark. Tilgjenge til utmark vert viktig for å kunne stella skogen og få til eit variert skogbilete. Det inneber at vegplanlegging og vegbygging er viktige tiltak. Fylkesmannen forvaltar tilskot til vegbygging og det er kommunen som førebur, uttalar seg og innstiller overfor Fylkesmannen som gjer vedtaket.

## Tilskot til skogkultur.

Det kan gjevast tilskot til planting og markarbeid. På dei fleste hogstflatene er det trong for ymse etterarbeid. Det kan gjevast tilskot til etterarbeid og ungskogpleie som rydding og avstandsregulering. Det er trong for tilskotsmidlar til drift i vanskeleg terreng og det er kommunen som førebur desse sakene, uttalar seg og innstiller overfor Fylkesmannen som gjer vedtaket.

## Prioritering :

- Tilskot til planting etter hogst.
- Tilskot til suppleringsplanting.
- Kultivering av lauvskog på typiske lauvskogfelt i lågre høgdelag.
- Etterarbeid i plantefelta, mekanisk etterarbeid, avstandsregulering og stammekvisting.
- Markriving på furumark.